



Boligsenteret Bergen AS
Ervikveien 70B
5106 ØVRE ERVIK

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1241 - 16/9915

Saksbehandlar:

Lillian Straumøy Brakstad

lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:

20.05.2016

Godkjenning - oppføring av carport, gbnr 10/277 - Holsbergstien 35.

Administrativt vedtak. Saknr: 140/2016

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova(pbl.) § 20- 3

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-3 motteke 02.05.2016 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av carport på 23,4 m2 på gbnr 10/277 i Holsbergstien.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplan for Holmemarka aust – planid 125620031029- regulert til bustadområde.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 03.03.2016. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt å gjennomføre ytterlegare varsling i saka. Nabovarsling vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21 - 3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket må plasserast som vist på situasjonskart godkjent 20.05.2016. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29 - 4.

Parkering og utandørs opphaldsareal:

Tillatt grad av utnytting på tomte (% BYA)er 31 %. Følgjeleg samsvarer tiltaket med reguleringsplanen.

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og utsjånad og er i samsvar med Pbl § 29- 1 .

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan vedlagt søknaden. Ansvarlege i byggesaker inntår for at tiltaket blir utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av lov, jf pbl § 23-1.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-3 løyve til bygging av carport på 23,4 m² på gbnr 10/277 i samsvar med søknad motteke 02.05.2016.

Det vert vist til kart og teikningar godkjent 20.05.2016.

Plassering som vist på kart godkjend 20.05.2016 og med følgjande toleransekrav:
I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23-3.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.
Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med krav og vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framti ikkje anna går fram av vurderinga ovanfor.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

10-277

10-277 teikning

Mottakere:

Boligsenteret Bergen AS

Ervikveien 70B

5106

ØVRE ERVIK